



## OSTERØY INDUSTRILAG

v / Industrikonsulenten på Osterøy  
5282 Lonevåg

Telefon 56 19 22 70  
Telefaks 56 19 21 01  
e-post [larsmjos@online.no](mailto:larsmjos@online.no)

## ÅRSMELDING FOR ARBEIDSÅRET 2000

Laget har i denne årsmøtebolken hatt **5 styremøte** (4.5., 16.8., 21.10., 4.12.00 og 13.2.01). Eimund Øvsthus vart attvald som **nestformann** på det konstituerande styremøtet.

Me har i arbeidsåret skipa til eitt **temamøte**: 7.2.01 om **breibandtilbod** på Osterøy. Her vart også andre organisasjonar inviterte. Ca 25 personar møtte. Styret har oppnemnd ein liten komite som følgjer opp saka.

### KOMPENSASJON FOR AUKA ARBEIDSGJEVARAVGIFT/ VEGSAKER

Full sats for arbeidsgjevaravgift tok til å gjelde frå 1.1.00. Med dette har Osterøy næringslivet fått ein vesentleg auke i avgiftsbyrden.

Me arbeidde svært aktivt for å oppnå kompensasjon i samband med revidert nasjonalbudsjett. Dei 14 kommunane lukkast i **delvis kompensasjon for 2000**, for Osterøy vart dette (til slutt) **3,08 mill kr.**

Me har gjort ei rekke innspel overfor aktuelle stortingsrepresentantar, m.a. vår lokale.

Stortingsrepresentant Ingebrig S Sørfonn som i praksis har vore saksordførar for saka om kompensasjon for auka arbeidsgjevaravgift, tok kontakt på ettersommaren med ønske om vitjing på Osterøy. Me tok han med til Tysse Mek Verksted AS, Norlænder AS og Mjøs Metallvarefabrikk AS. Han fekk middag på Fjordslottet og var med oss på styremøtet om kvelden. Det vart utveksla svært nyttig informasjon begge vegar.

På ettersommaren arbeidde me aktivt for å få til eit godt **styre for kompensasjonsmidlane** til næringslivet. Heradsstyret vedtok framlegg frå næringslivet. Her har Industrilaget 2 representantar og formannen i Industrilaget vart vald som den første leiaren. Industrikonsulenten er betalt sekretær for kompensasjonsstyret.

Kompensasjonsstyret vedtok å nytte 90% av midlane til vegføremål. Leiaren (formannen i Industrilaget), ordføraren og Industrikonsulenten er oppnemnde som vegkomite.

Alle vegmidlane for 2000 er vedteke å nytte til utbetringar mellom Hosanger og Tysse. Her har formannen engasjert seg kraftig. Me kom raskt i gang med planarbeidet i regi av vegvesenet og kunne rapportere til stortingspolitikarane kva som var på gang.

Styret for kompensasjonsmidlane har løyvd 2 mill kr og forskotert 2 mill kr til utbetring av riksveg 567 i samband med legging av ny vassleidning Fotlandstranda – Gatland. Dette ser ut til å utløyse ytterlegare ca 4 mill kr: 2 mill frå Statens vegvesen, 1 mill kr frå kommunen og etterkvart ca 1 mill frå Statens vegvesen til fast dekke, sikring med meir.

Styret for kompensasjonsmidlane har også forskotert 2 mill kr til trafikksikring (vesentleg betre veg) Lonevåg – Hatland dersom det vert løyvd 2 mill kr frå det offentlege.

8.3.00 deltok formannen og sekretæren på synfaring på Osterøy saman med nytilsett **vegsjef** Ole Chr Torpp. Etter dette har me halde ein nær og aktiv dialog med vegsjefen. Ved å reservere ca 80% av framtidige kompensasjonsmidlar til ny riksveg Hauge – Lonevåg fekk vegkomiteen i kompensasjonsstyret i stand avtale med vegsjefen om at han skulle arbeide for å få prosjektet med i handlingsprogrammet for nasjonal transportplan for 2002-2005. Vegsjefen legg fram sin innstilling 15.3.01. Saka vert endeleg avgjort i fylkestinget på forsommar 2001. Formann, nestformann og sekretær har delteke aktivt ved fleire møte om kommunedelplanen for Hauge – Lonevåg.

Like før jul løyvde Stortinget **9,56 mill kr til kompensasjon** for Osterøy-næringslivet for 2001. Det

er lagt føringar for tilsvarande summar også for 2002 og 2003.

Formannen har delteke ved møte om planarbeidet for **ny fylkesveg Tysse – Stamnes**. Ordninga med statlege midlar til store fylkesvegprosjekt er diverre no fjerna. Utsiktene for finansiering av denne vegen er ikkje gode. Men erfaring tilseier at det er taktisk å ha klare planar, så me pressar framleis på.

## INDUSTRIKONSULENTVERKSEMDA

Løyving til Industrikonsulenten var teke ut av kommunen sitt langtidsbudsjett f.o.m. 2001. Styret har arbeidd aktivt for å få inn att løyvinga. Dette lukkast under den politiske handsaminga. For 2000 løyvde kommunen kr 143.000. For 2001 er det løyvd kr 150.000. Samme sum er også med i langtidsbudsjettet. Det vert elles vist til eiga årsmelding.

## SKULE/NÆRINGSLIVSSAMARBEID

Sekretæren deltek i eit fast samarbeidsorgan skule/næringsliv. Dette kontaktutvalet skipar m.a. til **utdanningsmessa** der også denne hausten fleire av våre medlemmer deltok aktivt. Styret løyvde kr 5.000 til utdanningsmessa til leige av Osterøyhallen. Med bruk av Osterøyhallen vart det ein betre messe. Dekking av hall-leige vil gå på omgang mellom dei 4 tilskiparane av messa.

Fleire av våre medlemsverksemder har partnarskapsavtale med Osterøy vidaregåande skule.

Samarbeidet om praksisplassar for VKI-elevane i fleire verksemder held fram.

## NYSKAPING I SMÅBEDRIFTSMiljø

Industrilaget gjorde i sist periode innspel til den strategisk næringsplan for Hordaland om eit prosjekt for utprøving av tiltak for stimulering av aktive småbedriftsmiljø med Osterøy som prøveområde. Prosjektet kom med i handlingsprogrammet for 2000 med fylkeskommunal løyving. Det har vore arbeidd for å skaffe ytterlegare finansiering, men avkorting i løyvingane til SND har gjort at ein har måtte vente til 2001, men pr 1.3.01 har me ikkje fått avklaring på om SND bidreg i finansieringa. Budsjettet er på 1,8 mill. kroner. Osterøy Utvikling vil vere prosjektansvarleg med Industrikonsulenten som prosjekteiar. Industrilaget vil verte representert i styringsgruppa.

## ANDRE SAKER

I mars var formannen og sekretæren inviterte til **temamøte i heradsstyret** og fekk lagt fram saker som Industrilaget er opptekne av.

4. mai tok me imot gjester frå **Voss Handverk- og Industrilag**. Dei fekk vitje Lonevåg Beslagfabrikk AS, Borge Garveri AS, Osterøy vidaregåande skule/ Osterøy Utvikling, Mjøs Metallvarefabrikk AS og Holmen Industrier AS. Ved skulen hadde me tinga middag hjå ungdomsbedrifa. Besøket vart avslutta med fellesmøte med styret.

Styret vedtok å dekke rekninga frå **ungdomsbedrifta** ved Osterøy vidaregåande skule etter DAK-seminaret i februar 00. KTB Engeneering AS gjekk konkurs like etter og dekte ikkje sine forpliktingar.

Styret har sendt uttale til Bergen kommune i samband med framlegg om **piggdekk-gebyr**.

Formannen har delteke i ei næringsgruppe og ved fleire møte i samband med skiping av **Osterfjordrådet** og eit **utvida næringssamarbeid** i Modalen, Osterøy og Vaksdal med Osterfjord Reiselivslag som paraplyorganisasjon. Styret gjorde innspel om å nyte Osterøy Utvikling som paraplyorganisasjon. Industrikonsulenten på Osterøy og Osterøy Utvikling deltek no i Osterfjord Næringssamarbeid. Fylkeskommunen har løyvd kr 225.000 til næringsutviklingsaktivitetane. Av desse midlane går kr 20.000 til kvar av dei 5 partane.

Styret oppnemnde etter besøket frå Voss ein **turkommite for besøk på Voss**. Det har vore litt att og fram med omsyn til høveleg tidspunkt. Me fekk eit flott program frå Voss Handverk- og

Industrilag laurdag/sundag i overgangen mars/april. Turen vart avlyst då 17 deltagarar frå 7 verksemder var for lite. Voss Handverk- og Industrilag har kvittert med invitasjon til dagstur.

Formannen, styret og fleire av medlemmene engasjerte seg kraftig då det politiske fleirtalet i kommunen lanserte **eigedomsskatt** for næringsliv og tettstader. Det var ikkje utarbeidd underlag for saka som politikarar/ berørte fekk tilgang til. Til trass for god argumentasjon og aktivt arbeid vart det vedteke å innføre eigedomsskatt, men berre for næringslivet. Styret vil følgje opp når takseringsarbeidet tek til. Styret har gjort innspel om nokre endringar i rådmannen sitt framlegg til vedtekter for takseringsarbeidet.

Styret har gjort innspel til kommunen m.o.t. deira framlegg til prioriteringar av **arealplanarbeidet**. Planleggingsarbeid for nye næringsareal er så godt som ikkje prioritert av kommunen til trass for at dette er med under kommunen sitt hovudmål 3; unnatak er kommunedelplan for Hauge.

Styret har teke initiativ til å få laga ein **industrivideo** for Osterøy. Me har fått noko respons mellom medlemmane, men prosjektet er førebels lagt til sides til fordel for andre saker.

**Industrilagsnytt** vart ikkje gitt ut dette arbeidsåret.

## MEDIA

Mange av sakene me har arbeidd med, har me informert om i media. Desse har fått bra dekning i lokalpressa. Formannen har også vore mykje nytta av lokalpressa til uttale i samband med aktuelle saker.

6.1.01 hadde Bergens Tidende ein heilsidereportasje om Osterøy-næringslivet i sin regionserie ”Næring i Vest”.

## MEDLEMMER

Holmen Industrier AS og Atle Hammer Metallindustri er tekne opp som nye medlemmer.

Avslutta medlemskap: Anylett AS, Fjord Møblar AS, Mønsterkort AS, Prototech AS, Comcon Network Services AS og Møllehuset AS.

Laget hadde ved årsskiftet 40 medlemsverksemder med ca 750 tilsette.